

DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedømeråd

Kultur- og kirkedepartementet
Pb. 8030 Dep.
0030 OSLO

doks

Kultur- og kirkedep.	
KI	
Saksnr. <i>200603145</i>	Dato <i>18.09.06</i>
Kode <i>KI-544</i>	Beh.....

Dato: 12.09.2006

Vår ref: 06/267-3 AEN

Dykkar ref:

Høringsbrev - forslag til endringer i tjenesteordning for biskoper

Bjørgvin bispedømeråd har i møte 29.08.06 vedteke følgjande fråsegn:

064/06: Høyring - tenesteordning for biskopar

Bjørgvin bispedømeråd viser til brev frå departementet i mai 2006 med høyring om endringar i tenesteordning for biskopar.

Generelt vil vi meine at framlegga på ein god måte oppdaterer bispetenesta i høve til ny tenesteordning for prost. Det er viktig at prostane får eit klart mynde til å forvalte arbeidsgjevars styringsrett. Departementet sine framlegg om å gje større rom for biskopen til å delegerer er i så måte tenleg.

I ei tid då partane i arbeidslivet i kyrkja er opptekne av spelereglar for medråderett, rettar og plikter er det viktig at biskopen sitt arbeidsgjevaransvar for prestskapet er klargjort.

Bjørgvin bispedømeråd vil stø departementet si restriktive haldning til å delegerer biskopen sitt tilsynsansvar.

Bispedømerådet vil elles vise til Bjørgvin biskop si fråsegn, og vil særleg stø hans merknader til §§ 8 og 14.

Til § 2

Bispedømerådet sitt mynde som arbeidsgjevar for prestskapet er delegert frå departementet. Det er eit mynde som er avgrensa til å gjelde vilkår for tilsetjing/avskjed og økonomiske rammevilkår for personale tiltak. Biskopen har det daglege arbeidsgjevaransvaret med å leie og organisere prestetenesta i bispedømet. Prostane er biskopens nærmaste medarbeidar med ansvar for å leie og organisere prestetenesta i prostia. Dette kjem til uttrykk i tenesteordning for prost § 4:

”Prosten ivaretar arbeidsgivers styringsrett overfor prestene i prostiet, og har biskopen som sin overordnede.”

Tilsvarande bør det gå fram i tenesteordning for biskop at biskopen er prestane sin arbeidsgjevar i bispedømet. Sjølv om arbeidsgjevarfunksjonane er fordelt mellom departement, biskop, bispedømeråd og prost, må det formelt gå fram at arbeidsgjevaransvaret ligg ein stad.

Det er naturleg at biskopen kan delegere mynde til stiftsdirektøren om å ta avgjerd i enkeltsaker etter § 2. Dette samstemmer med dagens praksis. Biskopens delegasjon av arbeidsgjevar sin styringsrett to vegar kan sjølv sagt gje rom for uklare liner mellom prostane og bispedømekontoret. Men slik vil dette uansett vere, og det må vere opp til kvart bispedøme å finne tenlege grensedragningar.

Elles stiller vi spørsmål ved om setninga "Biskopen tilstår prestene ferie og tjenestefrihet" er formelt sett korrekt. Prostane har i følgje ny tenesteordning mynde og ansvar for å praktisere prestane sine rettar etter ferielova. Rett nok avgjer bispedømerådet økonomiske vilkår for tilgang på vikar, men biskopen er i praksis ikkje involvert i praktiseringa av ferielova.

Framlegg til endring i § 2:

"Biskopen er arbeidsgiver for prestene og øverste leder av prestatjenesten i bispedømmet."

Til § 14

§ 14 er ein nøkkelparagraf når det gjeld biskopens høve til å delegere mynde til prostane. I dei generelle kommentarane går det fram at departementet gjer framlegg om at dette vert nedfelt i ein "eksplisitt hjemmel for delegasjon av biskopens arbeidsgivermyndighet etter §2 til prostene, jf. forslaget §24 første ledd". Vidare går det fram at departementet ikkje ser føre seg at biskopens tilsynsmynde skal opnast for delegasjon.

Bjergvin bispedømeråd vil støtte ein slik prinsipiell tankegang. Biskopens tilsynsansvar må på mange vis verte forstått personalt, og kan derfor ikkje delegerast.

Bruken av omgrepa "delegasjon" (jf. generelle merknader) og "Som medhjelper kan prosten bemyndiges til å utføre oppgaver" (§14 første ledd) gjev rom for tolking og bør etter vårt skjønn klargjerast. Delegasjon inneber mynde til å utføre fullstendig sakshandsaming og ta avgjerd i enkeltsaker, medan "utføre oppgaver" kommuniserer eit meir avgrensa ansvar.

Framlegg til endring i § 14 første ledd:

"Som medhjelper kan prosten delegeres myndighet etter §§ 2, 4, 10 og 11 første ledd."

Til § 4

§ 14 gjev rom for at biskopen kan delegere mynde i liturgiske saker til prosten. Liturgiske saker inngår i biskopens tilsynsansvar, der ein i framlegget legg opp til ein restriktiv praksis når det gjeld delegasjon.

Bjergvin bispedømeråd vil meine at prosten ikkje generelt kan verte delegert mynde for alle liturgiske saker i prostiet. Vi vil stø biskopen i Bjergvin som seier at liturgi er dogmatikk i praksis. Ein vid delegasjon vil opne for svært ulik praksis, og kan i siste omgang utfordre einskapen i kyrkja. Prosten må like fullt verte delegert så stort mynde at det lokale gudstenestelivet vert stimulert til nytenking. I Bjergvin vert dette praktisert slik at der biskopen har gjeve generelle føringar for forsøksordningar, der kan prosten ta

avgjer i og føre tilsyn med forsøksordningar i kyrkjelydane.

Når det gjeld § 4 tredje ledd, vil bispedømerådet i Bjørgvin meine at det kan opnast for delegasjon. Biskopens fastsetjing av dei svært mange nattverdmedhjelparane i eit så stort bispedøme som vårt, vert snart redusert til byråkrati og brevskrivning for bispedømekontoret. Det er langt større sjanse for at prosten har direkte kjennskap til tilhøva og menneska dette gjeld.

Til § 5

Departementet gjer framlegg om at biskopen sitt mynde i saker som gjeld bruk av kyrkja kan delegerast. Vår erfaring i slike saker er biskopen mest vert brukt som ein klageinstans. Dette samsvarer godt med soknepresten, soknerådet og fellesrådet sitt sjølvstendige ansvar for å forvalte bruken av kyrkja lokalt. I dei vanskelege sakene er det bruk for både avstand til det lokale nivået, ein instans som kan forvalte einskapen i bruken av kyrkjene og ikkje minst har erfaring frå tilsvarende saker. Dette taler for at biskopen ikkje bør delegere slikt ansvar.


Bjørgvin bispedømeråd gjer framlegg om at det nye tillegget i § 5 "eller den biskopen bestemmer" vert stroke.

Til § 10

I Bjørgvin bispedøme er det økonomiske ansvaret for vikarbruken ikkje fullstendig delegert til prostane. Det er naturleg at ansvar for økonomi og tilgang til å gjere vikarteneste er lagt til det same organet. Det er følgeleg ikkje trong for ein paragraf som gjer det mogeleg å delegere slikt mynde til prostane. Men paragrafen er nyttig med tanke på ei utvikling som kan kome.

Vedtaket er samrøystes 6 røyster. (Biskopen sender eiga fråsegn, og røysta ikkje i saka.

Med helsing


Helge Taranrød e.f.
stiftsdirektør


Audhild Engelsen

Kopi: Kyrkjerådet
Bispedømeråda
Prostane i Bjørgvin